

2017

STATISTIKK

REGISTER OVER SVANGERSKAPSAVBROT (ABORTREGISTERET)

Rapport om svangerskapsavbrot for 2016

ISSN 1891-6392

Rapport om svangerskapsavbrot for 2016

Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)

Mette Løkeland (redaktør)

Rupali Akerkar

Bjug Bøyum

Marta Ebbing

Mona Tornensis Hornæs

Aase Gunn Mjaatvedt

Yngve Pedersen

Ingvei Seliussen

Utgjeve av Folkehelseinstituttet
Område for helsedata og digitalisering
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2017

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot for 2016

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Bjug Bøyum
Marta Ebbing
Mona Tornensis Hornæs
Aase Gunn Mjaatvedt
Yngve Pedersen
Ingvei Seliussen

Publikasjonstype: Rapport

Bestilling:

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Grafisk designmal:

Fete typer

ISSN 1891-6392

Folkehelseinstituttet
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00

Emneord (MeSH): abort, abortregisteret, helseregister

Sitering: Løkeland M, Mjaatvedt AG, Akerkar R, Pedersen Y, Bøyum B, Hornæs M, Seliussen I, Ebbing M.
"Rapport om svangerskapsavbrot for 2016" . [Report on termination of pregnancies for 2016] Rapport
2017. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2017.

Innhold

1. Innleiing	5
2. Datagrunnlaget	6
3. Kvalitetssikring	7
4. Kommentar til statistikken for 2016	8
5. Figurar og tabellar	10
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2001-2016	10
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2016	10
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke 2012-2016.....	11
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2012-2016.....	12
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2012-2016.....	13
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2016.....	14
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2007-2016	14
Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2016	15
Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2016.....	15
Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2016.....	16
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2009-2016.....	17
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2016	18
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2016.....	19
Figur 5. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2007-2016.....	19
Figur 6. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2007-2016	20
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2007-2016.....	20
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2007-2016.....	21
Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2007-2016.....	21
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c	22
Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova	22
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2016, vedtak i primærnemnd	23
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2016, vedtak i klagenemnd.....	23

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2016	24
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2016	25
APPENDIX A. Lover og forskrifter	26
APPENDIX B. Om statistikken	27

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2016.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

I 2015 starta Helsedirektoratet eit prøveprosjekt med svangerskapsavbrot hjå avtalespesialistar som vert avslutta 31. mars 2017; «Medikamentell abort hos avtalespesialister». Det er meldeplikt og for desse opplysningane, jf. Abortregisterforskrifta § 1-7.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane beskrive over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. Abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei enskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2016 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. Det medfører små justeringar i tidlegare rapporterte tal.

4. Kommentar til statistikken for 2016

I 2016 vart det sendt inn 14 604 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 13 169 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 856 (6 %) færre svangerskapsavbrot enn i 2015 (Tabell 1).

Avbrotsrata har ein nedgang frå 11,7 i 2015 til 11,0 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2016. Oslo, Finnmark og Nordland er som tidlegare år dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 14,5 i Oslo, 13,9 i Finnmark og 12,5 i Nordland. Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal hadde dei lågaste ratane for svangerskapsavbrot; med 8,2 per 1 000 kvinner i Aust-Agder, 8,6 i Vest-Agder og 8,7 i Møre og Romsdal (Tabell 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ går ytterlegare ned

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2015 til 2016; med eit fall i abortrata frå 8,3 til 7,6 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. I år 1980 var talet 22,4 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortrata av alle (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 14,4 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Troms og Nordland med 10,8 og 10,5 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Sogn og Fjordane med 4,1 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3 og Figur 3). Bortsett frå dei tre nordlegaste fylka og Oslo ligg alle på ein rate under 10 per 1 000 kvinner. Sogn og Fjordane hadde den største nedgangen frå 8,1 i 2015 til 4,1 i 2016 per 1 000 kvinner i aldersgruppa.

For fyrste gong er det i aldersgruppa 25-29 som har den høgaste abortrata

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men og i denne gruppa har avbrotsraten vore fallande dei siste åra, og har no vorte lågare enn den for aldersgruppa 25-29 år. I 2015 var rata 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 19,0 og 19,3 i 2016 (Tabell 1).

Oslo hadde høgast førekomst med 25,4 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner, medan Sør-Trøndelag hadde lågast førekomst med 14,6 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Bortsett frå Oslo, Østfold og dei tre nordlegaste fylka har alle no ein rate under 20 per 1000 kvinner.

¹ Disse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2016 vart det utført 19 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998. Sidan då ser ein tilnærma ei total omlegging av behandlinga frå kirurgisk til medikamentell behandling.

Medikamentell metode har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 ved sjølvbestemte svangerskapsavbrot, og bruken har vore gradvis aukande (Figur 4). I 2016 vart 87,5 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 4). Sykehuset Østfold (67,8 %), Nordlandssykehuset Vesterålen (68,6 %) og Voss sjukehus (71,0 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Haukeland universitetssjukehus (1,6 %), Drammen sjukehus (1,8 %) og Ålesund sjukehus (2,2 %) har lågast bruk av kirurgisk metode (Tabell 8).

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (80,7 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2016 var 12 600 (95,7 %) sjølvbestemte, og 569 (4,3 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast forekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Odde sjukehus (64,3 %) og St Olavs Hospital (65,6 %) og Universitetssykehuset Nord-Norge (69,4 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 80,7 % (Tabell 8). Helsedirektoratet starta eit prøvprosjekt med medikamentell abort opp til 9 vekers graviditet hjå 9 avtalespesialistar i Bergen, Oslo og Stavanger i 2015. I løpet av 2016 har 199 kvinner tatt i mot dette tilbudet.

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot


Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus.

Det vart utført 569 nemndbehandla avbrot i 2016, som er 20 (3,6 %) færre enn i 2015. Av dei utførte nemndbehandla svangerskapsavbrota i 2016 vart 550 (96,7 %) innvilga i primærnemnd og 19 (3,3 %) i den sentrale klagenemnda (Tabell 9). Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fære for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet, hadde ein topp i 2013, men har gått noko ned og vore relativt stabilt sidan 2014 (Figur 8). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskaps-veke (Figur 9).

Dei 569 nemndbehandla avbrota vart i stor grad (476, 83,7 %) handsama og utført ved dei 12 største helseinstitusjonane (Tabell 15).

5. Figurar og tabellar

Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2001-2016



Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2016²

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 488	14,6	22,4	22,1	16,2	13,7	11,3	6,8	0,8
1985	14 599	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 760	12,8	15,2	23,9	20,1	15,1	9,7	4,1	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 994	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 740	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2011	15 364	13,3	12,7	27,7	22,6	16,6	11,3	4,4	0,4
2012	15 232	13,1	11,4	26,6	22,6	16,5	11,6	4,2	0,4
2013	14 777	12,5	10,1	24,5	21,8	16,9	11,1	4,5	0,3
2014	14 066	11,8	9,6	21,8	20,7	15,9	11,4	4,2	0,4
2015	14 025	11,7	8,3	21,1	21,1	16,4	11,3	4,3	0,5
2016	13 169	11,0	7,6	19,0	19,3	16,1	10,8	4,1	0,4

² Tala avviker noko frå tidlegare rapportar grunna kontinuerleg kvalitetssikring og samling av data i ein database utført i løpet av 2013-2016.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke 2012-2016

Fylke	2012		2013		2014		2015		2016	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	15 232	13,1	14 777	12,5	14 066	11,8	14 025	11,7	13 169	11
Østfold	765	12,3	685	10,9	734	11,6	705	11,1	746	11,7
Akershus	1 653	12,6	1 591	12,0	1 553	11,6	1 578	11,6	1 422	10,4
Oslo	3 078	18,2	2 870	16,7	2 827	16,2	2 860	16,0	2 621	14,5
Hedmark	462	11,3	522	12,8	489	12,0	484	11,9	404	10,0
Oppland	551	13,8	502	12,6	446	11,2	472	11,9	386	9,8
Buskerud	745	12,3	755	12,4	717	11,7	663	10,7	644	10,4
Vestfold	655	12,3	670	12,5	620	11,5	617	11,5	539	10,0
Telemark	478	12,8	487	13,0	453	12,1	430	11,6	389	10,5
Aust-Agder	284	11,3	257	10,2	262	10,3	230	9,0	208	8,2
Vest-Agder	400	9,8	403	9,8	385	9,3	360	8,6	363	8,6
Rogaland	1 052	9,8	1 066	9,8	920	8,3	1 048	9,4	989	8,9
Hordaland	1 263	10,9	1 271	10,8	1 241	10,4	1 241	10,3	1 201	9,9
Sogn og Fjordane	251	10,9	244	10,6	209	9,1	226	9,9	221	9,7
Møre og Romsdal	616	11,2	516	9,3	498	8,9	499	8,8	493	8,7
Sør-Trøndelag	904	12,7	908	12,6	827	11,4	750	10,2	758	10,2
Nord-Trøndelag	387	13,4	376	13,0	343	11,8	287	9,9	314	10,9
Nordland	710	13,7	696	13,4	660	12,7	674	13,1	641	12,5
Troms	567	15,5	540	14,6	518	14,0	504	13,6	455	12,2
Finnmark	301	18,0	303	18,0	247	14,6	260	15,4	234	13,9
Ukjend/Anna ¹	110		115		117		137		141	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett uttanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2012-2016

Fylke	2012		2013		2014		2015		2016	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	1 800	11,4	1 601	10,1	1 522	9,6	1 313	8,3	1 199	7,6
Østfold	89	10,0	80	8,9	85	9,4	73	8,0	79	8,8
Akershus	180	9,8	169	9,1	161	8,6	166	8,8	117	6,2
Oslo	200	14,1	145	10,2	168	11,6	138	9,4	155	10,4
Hedmark	59	9,7	64	10,7	70	11,8	53	9,0	42	7,2
Oppland	84	14,2	50	8,6	56	9,7	57	9,9	54	9,4
Buskerud	92	11,3	68	8,3	67	8,2	54	6,6	57	6,9
Vestfold	100	13,0	83	10,7	86	11,2	61	7,9	50	6,5
Telemark	68	12,4	57	10,4	58	10,7	47	8,7	48	8,9
Aust-Agder	48	12,9	42	11,2	37	9,8	20	5,3	15	4,1
Vest-Agder	60	9,8	54	8,8	53	8,6	39	6,3	40	6,6
Rogaland	139	9,3	138	9,1	97	6,4	97	6,4	86	5,7
Hordaland	142	9,0	151	9,5	132	8,3	131	8,2	106	6,6
Sogn og Fjordane	42	10,9	31	8,1	32	8,5	30	8,1	15	4,1
Møre og Romsdal	82	9,8	66	7,9	75	8,9	60	7,1	54	6,4
Sør-Trøndelag	95	10,2	96	10,3	86	9,2	59	6,3	73	7,8
Nord-Trøndelag	53	11,3	53	11,4	46	10,0	37	8,1	32	7,1
Nordland	115	14,1	118	14,5	112	13,9	86	10,9	81	10,5
Troms	81	15,5	88	17,1	64	12,5	66	13,0	54	10,8
Finnmark	62	25,3	41	16,7	32	13,0	32	13,1	35	14,4
Ukjendt/Anna ¹	9		7		5		7		6	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke 2012-2016

Fylke	2012		2013		2014		2015		2016	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	4 362	26,6	4 078	24,5	3 612	21,8	3 518	21,1	3 146	19,0
Østfold	207	25,4	185	22,1	196	23,4	175	21,1	177	21,4
Akershus	435	27,5	405	25,1	332	20,4	320	19,6	291	17,8
Oslo	888	36,6	749	30,6	694	28,3	706	28,9	618	25,4
Hedmark	123	21,7	142	24,8	116	20,3	117	20,6	90	15,7
Oppland	149	26,6	165	28,8	118	20,3	125	21,8	97	17,2
Buskerud	186	23,8	189	24,0	193	24,5	156	19,9	127	16,4
Vestfold	193	27,2	186	26,1	166	23,4	158	22,4	125	17,8
Telemark	151	28,3	134	25,1	125	23,7	105	20,2	84	16,4
Aust-Agder	82	23,5	78	22,1	73	20,5	62	17,5	54	15,5
Vest-Agder	131	21,6	117	19,1	109	17,6	110	17,6	96	15,4
Rogaland	286	19,2	279	18,4	231	15,1	275	18,1	254	16,9
Hordaland	376	21,6	358	20,2	347	19,4	325	18,1	318	17,7
Sogn og Fjordane	83	23,8	62	17,8	56	16,2	62	18,0	51	14,8
Møre og Romsdal	183	22,8	140	17,3	154	19,1	143	17,8	128	16,1
Sør-Trøndelag	258	23,0	262	22,9	217	18,8	183	15,7	172	14,6
Nord-Trøndelag	111	26,3	112	26,1	89	20,4	79	18,1	75	17,3
Nordland	222	29,4	217	28,5	185	24,5	185	24,6	170	22,5
Troms	169	31,7	183	33,1	135	24,0	128	22,9	124	22,2
Finnmark	90	37,2	82	33,0	76	30,2	66	26,4	56	22,8
Ukjend/Anna ¹	39		33				38		39	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner buset uttanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2016

Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	13 169	4 876	5 283	1 797	644	437	122	4	6
15-19 år ¹	1 199	406	440	203	99	42	8	0	1
20-24 år	3 146	1 168	1 266	444	157	93	17	1	0
25-29 år	3 459	1 343	1 381	445	165	88	32	2	3
30-34 år	2 756	971	1 182	343	119	102	37	0	2
35-39 år	1 796	667	707	252	82	64	24	0	0
40-44 år	734	286	280	99	21	45	2	1	0
45-49 år ²	79	35	27	11	1	3	2	0	0


¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (19 avbrot blant dei under 15 år).

² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (2 avbrot blant dei over 49 år).


Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2007-2016

År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
2007	15 176	4 836	6 208	2 569	938	498	114	11	2
2008	16 138	5 271	6 589	2 644	1 009	503	111	7	4
2009	15 790	5 000	6 489	2 666	1 030	478	117	9	1
2010	15 740	5 067	6 479	2 576	969	521	108	20	0
2011	15 364	5 026	6 400	2 426	885	486	121	17	3
2012	15 232	4 958	6 324	2 413	888	500	141	8	0
2013	14 777	4 833	6 165	2 320	824	477	153	5	0
2014	14 066	4 659	5 982	2 161	719	409	124	11	1
2015	14 025	5 206	5 581	1 981	671	463	116	6	1
2016	13 169	4 876	5 283	1 797	644	437	122	4	6


Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2016



Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2016



Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2016



Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2009-2016

År	Total mengd	Svangerskapslengde																								Ikkje oppgitt						
		9 veker og under						10 veker						11 veker						12 veker							Over 12 veker ¹					
		Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk				Medikamentell			Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent		Mengd	Prosent				
2009	15 167	9 532	62,8	3 685	24,3	336	2,2	601	4,0	226	1,5	452	3,0	136	0,9	198	1,3	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1				
2010	15 068	10 193	67,6	3 006	19,9	424	2,8	499	3,3	276	1,8	359	2,4	164	1,1	147	1,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2011	14 723	10 614	72,1	2 397	16,3	400	2,7	441	3,0	272	1,8	263	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	3				
2012	14 576	10 769	73,9	2 125	14,6	450	3,1	351	2,4	320	2,2	256	1,8	196	1,3	109	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2013	14 141	10 711	75,7	1 849	13,1	424	3,0	334	2,4	292	2,1	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2014	13 519	10 587	78,3	1 563	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,1	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1				
2015	13 436	10 753	80,0	1 352	10,1	416	3,1	247	1,8	289	2,2	162	1,2	149	1,1	67	0,5	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1				
2016	12 600	10 215	81,1	1 168	9,3	373	3,0	200	1,6	280	2,2	141	1,1	147	1,2	70	0,6	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	6				


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2016

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	12 600	11 021	87,5	1 579	12,5	10 165	80,7
Akershus Universitetssykehus	1 290	1 030	79,8	260	20,2	1 062	82,3
Bærum sykehus	396	370	93,4	26	6,6	340	85,9
Drammen sykehus	397	390	98,2	7	1,8	311	78,3
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	163	154	94,5	9	5,5	146	89,6
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	59	42	71,2	17	28,8	47	79,7
Førde sentralsjukehus	178	154	86,5	24	13,5	141	79,2
Haugesund sjukehus	214	204	95,3	10	4,7	174	81,3
Haukeland universitetssjukehus	1 029	1 013	98,4	16	1,6	880	85,5
Helgelandssykehuset Mo i Rana	114	97	85,1	17	14,9	93	81,6
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	68	58	85,3	10	14,7	54	79,4
Kongsberg sykehus	107	94	87,9	13	12,1	83	77,6
Kristiansund sykehus	103	98	95,1	5	4,9	72	69,9
Longyearbyen sykehus	4	4	100,0	0	0,0	3	75,0
Molde sjukehus	103	87	84,5	16	15,5	80	77,7
Nordlandssykehuset Bodø	207	199	96,1	8	3,9	168	81,2
Nordlandssykehuset Lofoten	65	58	89,2	7	10,8	52	80,0
Nordlandssykehuset Vesterålen	86	59	68,6	27	31,4	66	76,7
Odda sjukehus	14	14	100,0	0	0,0	9	64,3
Oslo universitetssykehus Ullevål	2 100	1 600	76,2	500	23,8	1 825	86,9
Ringerike sykehus	163	157	96,3	6	3,7	126	77,3
St. Olavs Hospital	819	785	95,8	34	4,2	537	65,6
Stavanger universitetssjukehus	714	697	97,6	17	2,4	556	77,9
Stord sjukehus	58	53	91,4	5	8,6	48	82,8
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	477	394	82,6	83	17,4	406	85,1
Sykehuset Innlandet Elverum	286	260	90,9	26	9,1	236	82,5
Sykehuset Innlandet Gjøvik	204	190	93,1	14	6,9	163	79,9
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	95	86	90,5	9	9,5	77	81,1
Sykehuset Innlandet Lillehammer	170	162	95,3	8	4,7	122	71,8
Sykehuset Levanger	182	165	90,7	17	9,3	144	79,1
Sykehuset Namsos	103	84	81,6	19	18,4	82	79,6
Sykehuset Telemark	356	310	87,1	46	12,9	273	76,7
Sykehuset Østfold	683	463	67,8	220	32,2	541	79,2
Sørlandet sykehus Arendal	201	195	97,0	6	3,0	144	71,6
Sørlandet sykehus Kristiansand	351	312	88,9	39	11,1	258	73,5
Universitetssykehuset Nord-Norge	330	317	96,1	13	3,9	229	69,4
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	113	106	93,8	7	6,2	88	77,9
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	63	58	92,1	5	7,9	54	85,7
Volda sjukehus	88	77	87,5	11	12,5	75	85,2
Voss sjukehus	62	44	71,0	18	29,0	52	83,9
Ålesund sjukehus	186	182	97,8	4	2,2	149	80,1
Avtalespesialistar (Bergen, Oslo, Stavanger)	199	199	100,0	0	0,0	199	100,0


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2016

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnd	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 488	13 078	97,0	379	2,8	31	0,2
1985	14 599	14 243	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 760	13 434	97,6	325	2,4	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 994	13 413	95,8	573	4,1	8	0,1
2010	15 739	15 067	95,7	652	4,1	20	0,1
2012	15 232	14 576	95,7	640	4,2	16	0,1
2013	14 777	14 141	95,7	622	4,2	14	0,1
2014	14 066	13 519	96,1	529	3,8	18	0,1
2015	14 025	13 436	95,8	577	4,1	12	0,1
2016	13 169	12 600	95,7	550	4,2	19	0,1

Figur 5. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2007-2016


¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 6. Begjæringer og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2007-2016



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 7. Begjæringer og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2007-2016



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2007-2016

År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2007	646	40	271	249	68	1	5	10	2
2008	635	49	276	244	45	4	9	7	1
2009	623	59	248	231	51	16	3	14	1
2010	672	51	298	245	36	11	12	17	2
2011	641	38	292	248	34	9	5	15	0
2012	656	36	275	275	34	9	7	13	7
2013	636	40	256	292	23	7	5	9	4
2014	547	37	202	249	41	3	7	7	1
2015	589	48	242	247	22	1	9	17	3
2016	569	33	241	254	26	2	5	5	3


¹ Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² [Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd](#)

Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2007-2016



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2016



Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2016

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	569	261	100	305	100,0	3	100,0
Veke 12 ¹	6	3	1,1	3	1,0	0	0,0
Veke 13	124	38	14,6	86	28,2	0	0,0
Veke 14	94	30	11,5	64	21,0	0	0,0
Veke 15	68	18	6,9	50	16,4	0	0,0
Veke 16	51	22	8,4	29	9,5	0	0,0
Veke 17	49	25	9,6	24	7,9	0	0,0
Veke 18	51	34	13,0	16	5,2	1	33,3
Veke 19	55	42	16,1	13	4,3	0	0,0
Veke 20	45	34	13,0	10	3,3	1	33,3
Veke 21	22	14	5,4	8	2,6	0	0,0
Veke 22 og over	4	1	0,4	2	0,7	1	33,3

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2016, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	654	571	40	43	0	550
Veke 12 ¹	6	6	0	0	0	6
Veke 13	143	132	0	11	0	124
Veke 14	103	99	0	4	0	94
Veke 15	79	73	2	4	0	68
Veke 16	54	50	0	4	0	50
Veke 17	55	48	5	2	0	48
Veke 18	58	49	5	4	0	48
Veke 19	69	54	11	4	0	54
Veke 20	47	39	4	4	0	39
Veke 21	25	17	7	1	0	17
Veke 22 og over	15	4	6	5	0	2

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2016, vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgitt	
Alle veker	42	19	12	8	3	19
Veke 12 ¹	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	0	0	0	0	0	0
Veke 15	0	0	0	0	0	0
Veke 16	1	1	0	0	0	1
Veke 17	2	1	1	0	0	1
Veke 18	7	3	2	1	1	3
Veke 19	6	1	2	3	0	1
Veke 20	8	5	1	1	1	6
Veke 21	10	6	3	1	0	5
Veke 22 og over	8	2	3	2	1	2

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2016

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	654	100,0	569	100,0
Østfold	42	6,4	39	6,9
Akershus	76	11,6	69	12,1
Oslo	115	17,6	104	18,3
Hedmark	14	2,1	12	2,1
Oppland	11	1,7	10	1,8
Buskerud	36	5,5	31	5,4
Vestfold	28	4,3	22	3,9
Telemark	23	3,5	21	3,7
Aust-Agder	5	0,8	5	0,9
Vest-Agder	14	2,1	13	2,3
Rogaland	54	8,3	46	8,1
Hordaland	74	11,3	60	10,5
Sogn og Fjordane	7	1,1	7	1,2
Møre og Romsdal	29	4,4	22	3,9
Sør-Trøndelag	51	7,8	44	7,7
Nord-Trøndelag	14	2,1	12	2,1
Nordland	28	4,3	24	4,2
Troms	14	2,1	13	2,3
Finnmark	9	1,4	8	1,4
Ukjend/Anna ²	10	1,5	7	1,2

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2016

Helseinstitusjon	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	654	100,0	569	100,0
Akershus universitetssykehus	57	8,7	49	8,6
Bærum sykehus	18	2,8	18	3,2
Drammen sykehus	30	4,6	23	4,0
Finnmarkssykehuset	7	1,1	5	0,9
Førde sentralsjukehus	5	0,8	4	0,7
Haugesund sjukehus	12	1,8	8	1,4
Haukeland universitetssjukehus	73	11,2	64	11,2
Helgelandssykehuset	6	0,9	5	0,9
Helse Møre og Romsdal, Kristiansund og Molde	5	0,8	4	0,7
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	15	2,3	11	1,9
Helse Nord-Trøndelag	7	1,1	4	0,7
Nordlandssykehuset	11	1,7	9	1,6
Oslo universitetssykehus Rikshospitalet	73	11,2	69	12,1
Oslo universitetssykehus Ullevål	58	8,9	63	11,1
Ringerike sykehus	8	1,2	8	1,4
St. Olavs Hospital	82	12,5	68	12,0
Stavanger universitetssjukehus	44	6,7	38	6,7
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	22	3,4	17	3,0
Sykehuset Innlandet Elverum	9	1,4	5	0,9
Sykehuset Innlandet Gjøvik	5	0,8	4	0,7
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	3	0,5	2	0,4
Sykehuset Innlandet Lillehammer	8	1,2	8	1,4
Sykehuset Telemark	22	3,4	20	3,5
Sykehuset Østfold	35	5,4	31	5,4
Sørlandet sykehus Arendal	5	0,8	5	0,9
Sørlandet sykehus Kristiansand	10	1,5	8	1,4
Universitetssykehuset Nord-Norge	18	2,8	16	2,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad og Narvik	3	0,5	3	0,5
Voss sjukehus	3	0,5	0	0,0

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål.

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))³

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 8. mars 2016.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2016.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2016 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2016, og frå til saman 9 gynekologar med avtalepraksis i Bergen, Oslo og Stavanger som inngår i Helsedirektoratet sitt prøveprosjekt med svangerskapsavbrot ved medikamentell metode hos avtalespesialistar, «Medikamentellabort hos avtalespesialister». Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2016 mottok registeret 14 604 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa, men det vart i 2016 nytta papirmelding frå dei 9 avtalespesialistane i Bergen, Oslo og Stavanger som er med i prosjektet «Medikamentellabort hos avtalespesialister».

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2016. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfeller per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfeller per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinere enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påvirker ratene i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

Oppdateringsfrekvens

Årleg

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlede svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

Utgjeven av Folkehelseinstituttet
Mars 2017
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00
Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

ISSN 1891-6392